

# Backuprutine

## Backupstrategi

Backupstrategi av sentralt serverutstyr.

### Omfang:

Dokumentet omhandlar skildring av strategi og rutine for backup av servere som vert drifta av IKTNH. Tenesta levert av IKTNH omfattar reservekopiering med moglegheit for tilbakekopiering av servere, filer og epost.

Som ein del av katastrofe beredskapen er det sett opp løysing der virtuelle servere vert replikert på disknivå mellom to datarom.

For reservekopiering på tenestenivå (filserver, filer, databasar og epost) vert det nytta ei diskbasert løysing etter følgjande oppsett:

Type reservekopiering	Frekvens	Oppbevaringstid
Full reservekopi	Første gang server vert tatt reservekopi av	Eitt år
Endringar	Varierer mellom 1 - 3 timar på dagtid. Varierer med omsyn til type data og driftsmessige forhold.	Månadskopi: Eitt år tilbake Ukeskopi: Siste 3 veker Dagskopi: Siste 90 dagar Timeskopi: Siste 2 dagar

**Oppbevaring:** All reservekopiering skjer til disk. Reservekopi løysinga er plassert på to ulike lokasjonar.

**Ansvar:** IKTNH har ansvar for at reservekopirutinane vert følgd. Dei er som følgjer:

- Dagleg: Det vert tatt reservekopi fleire gonger kvar dag
- Dagleg: Det skjekkast status på reservekopi
- Månadleg: Tilbakekopiering vert testa

### Oppsett

Løysinga som nyttast er Dell Data Protection Rapid Recovery.

### Generell prosedyre for tilbakekopiering

Brukarane er sjølv ansvarlege for reserverkopi av data dei lagrar lokalt på eige maskin.

- Brukar rapporterer hendingar i brukarstøttesystemet.
- Respons på hendinga i forhold til prioritering på saka.
  - Kva data gjekk tapt når?
  - Få tak i info om filer: full sti med server, dato/tidspunkt tapt/feil og sist lagra OK
  - Bla i liste over filer og marker aktuelle filer
- Kjør tilbakekopiering